

FIL 1002 – Innføring i erkjenningssteori og vitenskapsfilosofi
Haust 2018
Måndag 10. desember kl. 9.00 (4 timar)

Oppgavesettet består av 1 side
Ingen hjelpemiddel tillatne

Denne eksamenen består av to hovuddelar. Du skal svare på i alt *fire* oppgåver, *to* frå Del I og *to* frå Del II. Alle oppgåvene tel like mykje. Kvar enkelt oppgåve må kunne vurderast til ein ståkarakter for å bestå eksamen.

Del I: Epistemologi

Oppgåve #1:

Er moglegheita for at eg er ein hjerne på tank ein trussel mot kunnskapen eg har om verda omkring meg? Trekk inn relevant pensum i drøftinga av dette spørsmålet.

Oppgåve #2:

I **Who Knows: From Quine To a Feminist Empiricism** (1990), kritiserer Lynne Hankinson Nelson den tradisjonelle empirismen for å vere *individualistisk*. Kva ligg i denne kritikken? Kva går det alternative synet til Nelson ut på? Ho diskuterer også fleire motsegner mot forslaget sitt. Meiner du tilsvara ho gjev er fullgode?

Oppgåve #3:

Vi deler kunnskap med kvarandre, (blant anna) ved å informere kvarandre om fakta. Men kan du få kunnskap om fakta frå meg, jamvel om eg sjølv ikkje veit at det eg fortel deg er sant? Trekk inn relevant pensum i diskusjonen av dette spørsmålet.

Del II. Vitenskapsfilosofi

Oppgåve #4

Peter Godfrey-Smith forsvarar eit syn på vitenskapeleg forklaring han kallar *kontekstualisme* (**Theory and Reality**, 2003). Kva talar for et slikt syn? Korleis kunne ei slik oppfatning av vitenskapeleg forklaring eventuelt utfordrast?

Oppgåve #5.

Diskuter kritisk følgjande påstand (med referanse til relevante delar av pensum): "Vitenskapeleg objektivitet tyder at vitenskapeleg metode må vere verdinøytral."

Oppgåve #6

Helen Longino (**The Fate of Knowledge**, 2001) kritiserer det ho kallar "dikotomien mellom fornuft og kultur." Kva går denne kritikken ut på? Korleis vurderer du Longinos forsøk på å løyse opp motsetningane mellom empiriske vitenskapsstudiar og normativ vitenskapsfilosofi?